

Europaparlamentets plenumsmøte 18. - 21. januar - debatt om covid-vaksiner og krav om strengare reaksjonar mot Russland

22. januar 2021

Innberetning frå Per S. Nestande, Stortingets Brussel-kontor.

- *Europaparlamentet støttar EUs vaksinestrategi, men er opptatt av meir innsyn i kontraktane med vaksineprodusentane og meir informasjon til innbyggjarane*
- *Europaparlamentet vil ha strengare EU-reaksjonar mot Russland etter arrestasjonen av Aleksej Navalnyj*
- *Både EUs høgrerepresentant for utanrikssaker og det portugisiske EU-formannskapet opptatt av forsterka samarbeid med Latin-Amerika mellom anna gjennom handelsavtalene med Chile, Mercosur og Mexico*
- *Rapportar om EUs utanriks- og sikkerheitspolitikk og sikkerheits- og forsvarspolitikkk understrekar at EU må arbeide for strategisk autonomi og for ein regelbasert verdsorden. Kommisjonen blir bedt om å leggje fram eit ambisiøst arbeidsprogram for forsvarsfondet*
- *Mange trur presidentskiftet vil opne for fornya samarbeid mellom EU og USA om felles utfordringar mellom anna knytt til klima og regulering av teknologigigantar*

Europaparlamentet har forlenga sine covid-19-restriksjonar fram til 7. februar. Det medfører at plenumsmøta både i januar og februar finn stad i Brussel og at mange representantar deltek digitalt. Det var uansett stor breidde i dagsorden denne veka.

EUs vaksinestrategi

Det var brei støtte til EUs vaksinestrategi under [ein debatt tysdag](#), men det kom krav om meir innsyn i kontraktane med vaksineprodusentane og meir informasjon til innbyggjarane. Både den portugisiske EU-statssekretæren Ana Paula Zacarias og helsekommissær Stella Kyriakides deltok i debatten. Det portugisiske formannskapet viste mellom anna til at vaksinestrategien både har vore drøfta på eit uformelt helseministermøtet og europaministermøte etter jul og i tillegg sto det på dagsorden for [det uformelle toppmøtet torsdag](#) denne veka. Både Zacarias og Kyriakides understreka alvoret i situasjonen. Sjølv om vaksininga har kome i gang, kan situasjonen bli verre før den blir betre. Kommissæren sa utviklinga av vaksiner er ein suksess basert på europeisk samarbeid. Det har vore viktig å sikre at vaksinane både er trygge og effektive. Det vil vere ei utfordring å få vaksinert alle. Det er både viktig at alle får tilbod om vaksine og å unngå at vaksineskepsis fører til at mange ikkje vil ta i mot tilbodet. Ho understreka også behovet for internasjonalt samarbeid. EU har eit spesielt ansvar for naboane i aust og sør, men også globalt, noko som er reflektert

i covax-samarbeidet. Pandemien er ikkje over før vi får kontroll med smitten i alle verdsdelar, sa ho. Ho viste til at Kommisjonen seinare same dag ville leggje fram ei [melding om vaksinestrategien framover](#). Den tek mellom anna til orde for at 80 prosent av dei over 80 og av helsearbeidarar skal vere vaksinert innan mars 2021 og at 70 prosent av alle vaksne skal vere vaksinerte innan sommaren.

I debatten var det brei støtte til EUs vaksinestrategi og behovet for felles innsats. Dei fleste meinte det er uheldig og usolidarisk om enkeltland forsøker å gjere parallelle innkjøp i tillegg til EUs felles innkjøp. Det sentrale må vere at landa bruker opp dei dosene dei får levert. Samanliknbar og oppdatert informasjon om kor mange doser kvart land får og kor mange som blir vaksinert er viktig for å sikre tillit til vaksinasjonsprogrammet. Svært mange var også opptatt av meir innsyn i kontraktane som er inngått med vaksineprodusentane. Dette omfattar informasjon om leveringsfristar, pris og om kven som har ansvaret i tilfelle biverknadar. Enkelte tok også til orde for å gjere unntak frå patentrettane for å sikre tilgang til vaksiner globalt. 39 medlemmar av Europaparlamentet [sendte 14. januar eit brev](#) til presidentane i Kommisjonen, Det europeiske råd og Europaparlamentet som også tek til orde for dette.

Det er viktig med ordningar som sikrar gjensidig godkjenning av vaksiner tatt i andre EU-land. Hellas, med støtte av Malta og Portugal, har foreslått eit felles vaksinepass for å gjere det lettare å reise for dei som har er vaksinert. I debatten vart det peikt på at det kan vere problematisk å gje nokon ein fordel fordi dei er vaksinerte, så lengje ikkje alle har fått tilbod om vaksine. Det er derfor for tidleg å innføre slike ordningar nå. [På videotoppmøtet denne veka var EUs stats- og regjeringssjefar samde](#) om å arbeide for eit felles vaksinesertifikat. Hovudfokus på møtet var likevel å kampen mot ny variantar av viruset, testkapasitet og å sikre raskare produksjon og distribusjon av vaksiner og raskare gjennomføring av vaksinasjonane i EU. I tillegg var toppleiarane opptekne av opne grenser, men å avgrense ikkje-essensielle reiser.

Kommisjæren sa på slutten av debatten at ho var samd i behovet for mest mogleg innsyn i kontraktane, men at det er visse ting som det av ulike grunnar ikkje er mogleg å offentleggjere. Vaksiner er viktig, men vil ikkje løyse alt. Det er derfor viktig å halde fram med andre typar aktivitet som sekvensering av ulike mutasjonar av viruset, innsamling av data og ikkje minst tiltak for å avgrense spreiding av smitte.

Helsekomiteen i Europaparlamentet hadde også ein diskusjon om vaksinestrategien førre veke, jf. denne [oppsummeringa frå det danske folketinget](#).

Andre covid-relaterte saker: Krisestøtte og effekt på demokratiet og likestilling

Parlamentet gav denne veka [samtykke til eit tekniske støtteinstrument](#). Det skal hjelpe medlemslanda i å utarbeide gjenreisingsplanar og dermed sikre at midla i gjenreisings- og beredskapsprogrammet raskare kan betalast ut. [Parlamentet vedtok nesten samrøystes](#) ekstra løyvingar til mat og basisstøtte til dei som er hardest råka av pandemien. Det var også

ein debatt om [korleis autoritære regimar har nytta covid-19-pandemien til å svekke demokratiet](#) og vedteke ein [rapport om effekten av covid-19 for likestillinga](#).

Arrestasjonen av Aleksej Navalnyj

[Europaparlamentet vedtok med 581 mot 50 røyster og 44 som avsto](#), ein resolusjon som tek til orde for sterkare EU-reaksjonar mot Russland etter arrestasjonen av deltok tysdag i ein debatt om arrestasjonen av den russiske opposisjonspolitikaren Aleksej Navalnyj. Det omfattar sanksjonar mot dei som deltok i vedtaket om arrestasjonen, meir kritisk haldning til russiske pengar med usikkert opphav og stans i bygginga av Nordstrøm 2-rørledninga.

EUs høgrepresentant for utanrikssaker, Josep Borrell, deltok [tysdag i ein debatt om arrestasjonen](#). Han uttrykte solidaritet med Navalnyj og sa det er uakseptabelt å bruke rettsapparatet politisk. EU har sett seks personar på si sanksjonsliste etter hendinga og Rådet må ta stilling til om fleire skal på denne lista. Borrell sa Kommisjonen er skeptisk til Nordstrøm 2-rørledninga, men at den ikkje har mandat til å stanse prosjektet.

Alle dei politiske gruppene var samstemte i kritikken av Russland i debatten og Borrell fekk samstundes godord for raskt å ha fordømt arrestasjonen. Borrell skal etter planen vitje Moskva seinare i år. Parlamentarikarane meinte han da bør krevje å få møte Navalnyj. Parlamentarikarane understreka at arrestasjonen bryt både med russisk lovgjeving og internasjonal rett. Den vil vere ei belastning i tilhøvet til Russland og det kom krav om sterkare reaksjonar mellom anna gjennom å ta i bruk EUs nye sanksjonsregime for brot på menneskerettane. Fleire understreka at EU må stå saman mot Russland. Ein del peikte på at EU også må reagere overfor andre land som bryt med grunnleggjande rettar og kritiserte mellom anna den nyleg inngåtte investeringsavtalen med Kina (sjå også nedanfor). Det vart vidare peika på at EU også gjev støtte land som Cuba og Venezuela. Ytre høg- og ytre venstre-gruppene i Europaparlamentet vart skulda for dobbeltmoral. Dei kritiserer arrestasjonen, men mange av dei nasjonale partia som er med i desse gruppene, får pengestøtte direkte frå Russland.

Prioriteringane til det portugisiske EU-formannskapet

Den portugisiske statsministeren drøfta onsdag [prioriteringane for landets EU-formannskap](#) våren 2021 med Europaparlamentet. Covid-19-vaksinering og økonomisk og sosial gjenreising etter pandemien basert på grønt og digital omstilling, vil stå sentralt. Portugal ynskjer mellom anna å få vedteke EUs klimalov, få framgang i forhandlingane om den digitale lovpakken og levere på den sosiale dimensjonen. Landet ynskjer å styrke samarbeidet med Storbritannia, USA og Latin-Amerika og skal vere vertsskap for eit toppmøte med India.

Kjønnslikestilling

Europaparlamentet vedtok tre rapportar om kjønnslikestilling denne veka. Det omfattar som nemnd ovanfor, ein rapport om [effekten av covid-19 for likestilling](#). I tillegg vart det vedteke [ein rapport om EUs strategi for kjønnslikestilling](#) og ein [rapport om det digitale likestillingsgapet](#).

Menneskerettar og kritikk mot investeringsavtalen med Kina

Parlamentet vedtok ein [rapport om den globale situasjonen for menneskerettar og demokrati](#) og EUs rolle i å fremje desse verdiane. Torsdag var det eigne debattar om demokrati og brot på menneskerettar i [Hong Kong i tillegg til i Tyrkia og Vietnam](#).

Ein del i Europaparlamentet er kritiske til at EU ikkje har forsøkt å presse Kina til å endre kurs i Hong Kong i samband med forhandlingane om den nyleg inngåtte investeringsavtalen mellom EU og Kina. Det blir likevel spådd at eit fleirtal i Parlamentet vil støtte avtalen. [Teksten til avtalen vart gjort offentleg fredag](#).

Handel med Latin-Amerika og nye verktøy i handelspolitikken

I ein [debatt tysdag](#) tok EUs høgrepresentant Josep Borrell til orde for å styrke tilhøvet med Latin-Amerika. Det omfattar å ratifisere dei nye avtalene med Chile og Mexico og å finne ei løysing på frihandelsavtalen med Mercosur. Mange i Europaparlamentet har vore skeptiske til dei nye avtalene, mellom anna på grunn av uro for miljøeffektane.

Samstundes gav Europaparlamentet tysdag samtykke til ei [forordning som vil gje EU fleire verktøy i samband med handelskonflikter](#). Dette omfattar mellom anna å kunne innføre mottiltak mot handelspartnarar som bryt handelsreglar og samstundes blokkerer for tvisteløysing.

Rapportar om utanriks- og sikkerheitspolitikk og sikkerheits- og forsvarspolitik

[Europaparlamentet vedtok onsdag sine årlege rapportar](#) om gjennomføringa av den felles utanriks- og sikkerheitspolitikken og av den felles sikkerheits- og forsvarspolitikken. Rapporten om utanriks- og forsvarspolitikken tek mellom anna til orde for at EU må arbeide for ein regelbasert verdsorden og at EU må bli meir strategisk uavhengig, men går også inn for å innføre fleirtalsvedtak i EU for visse utanrikssaker. Rapporten fordømmer åttaket på Kongressen i USA. Den vart vedteke med 340 mot 100 røyster og heile 245 som var fråhaldande. Det var i røystene til sentrum høgre (EPP), sentrum venstre (S&D) og den liberale gruppa (Renew) som sikra fleirtal. Nesten heile den konservative gruppa (ECR) og Den grønne gruppa røysta blankt.

Rapporten om den felles sikkerheits- og utanrikspolitikken legg også vekt på strategisk autonomi og på at EU skal arbeide for ein regelbasert verdsorden. I tillegg blir mellom anna

Kommisjonen bedt om å leggje fram og gjennomføre eit ambisiøst strategisk arbeidsprogram for Det europeiske forsvarsfondet. Parlamentet meiner EU kan bidra til å stanse og avslutte konflikter gjennom sine operasjonar, ikkje minst i EUs nabolag. Rapporten framhevar at arbeid for våpenkontroll, nedrusting og ikkje-spreiing er viktig. Denne rapporten vart vedteke med 387 mot 180 røyster og 119 fråhaldande. Det var EPP, S&D og Renew som sikra fleirtal også for denne rapporten, medan mellom anna dei fleste i Den grønne gruppa røysta mot og nesten heile ECR røysta blankt.

Regulering av kunstig intelligens til militære og sivile formål

Kunstig intelligens må være kontrollert av menneske og kan ikkje erstatte avgjerder teke av menneske. [Det slår ein rådgjevande rapport frå Europaparlamentet fast](#). Dette er ikkje minst viktig i samband med militær bruk av slik teknologi. EU bør ta ei leirolle i å sikre eit globalt rammeverk for bruk av kunstig intelligens til militære formål. Ved sivil bruk er det viktig at kunstig intelligens ikkje erstattar menneskeleg kontakt eller fører til diskriminering. Parlamentet er uroa for at bruk av kunstig intelligens kan tru grunnleggjande rettar gjennom masseovervaking eller vere eit verktøy for å spreie falske nyheiter.

Arbeidstakarane sin rett til å vere offline

[Europaparlamentet vedtok med stort fleirtal ein rapport](#) som tek til orde for europeiske lovgjeving med minstekrav for arbeidsvilkår på heimekontor, åtvarar mot farane ved alltid å vere online og understrekar retten til å kople seg av, jf. også [omtale i Stortingets EU/EØS-nytt 21. januar 2021](#).

Ny start for det transatlantiske tilhøvet

Også Europaparlamentet følgde denne veka med på presidentskiftet i USA. I [ein debatt onsdag](#) der både presidenten i Det europeiske råd, Charles Michel, og kommisjonspresident Ursula von der Leyen deltok, var det mange som var svært glade for skiftet. Mange meinte dette gir eit høve til igjen å kunne samarbeide om felles utfordringar basert på felles verdiar. Dette omfattar å slå ring om ein regelbasert verdsorden og å forsvare demokratiske verdiar. Det omfattar også felles løysingar på utfordringar som klimaendringar og regulering av store teknologiselskap. Samstundes var enkelte kritiske til at ein del sosiale media har utestengd president Trump. Andre trakk parallellar mellom politikken til president Trump og politikken til regjeringane i land som Polen og Ungarn.

Handels- og samarbeidsavtalen mellom EU og Storbritannia blir drøfta av komiteane i Europaparlamentet

Brexit sto til ei forandring ikkje på dagsorden denne veka. EU og Storbritannia vart som kjent, samde om ein handels- og samarbeidsavtale 24. desember og at avtalen skulle gjelde

midlertidig i to måneder i påvente av dei formelle vedtaka. Avtalen må ratifiserast av medlemslanda. Europaparlamentet må også gje sitt samtykke og der blir avtalen nå drøfta i komiteane. Det er utanrikskomiteen og utanrikshandelskomiteen som har hovudansvaret, men ei rekkje andre komitear vil gje innspel til handsaminga. Både medlemsland og Europaparlamentet skal ha teke til orde for å forlengje fristen for godkjenning. Storbritannia må i tilfelle også samtykke til dette.

Med beste helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no